



TINE Fotballskule Hafslo 2019

Fotballgruppa i Hafslo IL inviterer for 12.året på rad jenter og gutar i alderen 6-12 år (fødde 2007-2013) til fotballskule i Moane på Hafslo siste veka av skuleferien!

Tine Fotballskule samlar over 70 000 born frå heile landet til fotballfest! Meir informasjon om TINE Fotballskule finn du på www.tinefotballskule.no.

På fotballskulen får du utvikle dine fotballferdigheiter der spel, leik og sosialt samvær står sentralt. Det blir tre dagar med fokus på trening, trivsel, læring, topp stemning og gode haldningar!

Fotballskulen på Hafslo er for ALLE uavhengig av ferdigheiter og funksjonsnivå, og du treng ikkje å ha spelt fotball tidlegare!

Dato: 13.08.19 - 15.08.19 (tysdag til torsdag)

Tid: 10.00 - 14.00 kvar dag

Sted: Hafslo Stadion, Moane

Alle deltakarar får TINE t-skjorte, TINE-ryggsekk og fotball. Alle får også servert Tine-mjølke eller juice og frukt kvar dag.

Pris: 300 kr per deltakar.

Påmelding innan **01.08.2019** til ovemidtbo@hotmail.com eller per SMS til tlf. 41375655. Hugs namn/alder ved påmelding.

Deltakaravgifta skal innbetalast til kontonr. **3785.07.20062 innan 01.08.2019** (Ønskjer ikkje kontant betaling ved oppmøte).

Merk innbetalinga med "Tine Fotballskule + namn på deltakar".

**Fotballgruppa håpar mange vil vere med på
TINE Fotballskule Hafslo 2019!**

Meir informasjon blir sendt ut til alle påmelde deltakarar i byrjinga av august!

Helsing
Fotballgruppa i Hafslo IL

Ta med matpakke og drikkeflaske kvar dag. Kle deg etter vertilhøva, og hugs solkrem om nødvendig ☺

